 Statens vegvesen Møre og Romsdal vegkontor	HOVUDARKIV:	46.136.04						
	OPPDRAG:	Nr LT97067						
	LAB.ARKIV:	Ev 136					HP 4	
	KOMMUNE:	Rauma						
	KARTREFERANSE:							
TITTEL: RAS I INNFJORDEN. VURDERING AV UTTAK AV UR TIL PLASTRING.								
SAKSBEHANDLAR: Ove Strømme						RAPPORT NR.		
KONTAKT: Rauma kommune						2		
DATO:	2001-07-11	SENDT TIL	Hol	NVE	Rau- ma			
VÅR REF.:		EKSEMPLAR	1	1	1			
LABORATORIESEKSJONEN: <i>Ove Strømme</i>								

Orientering

Under det kraftige regnveret 8/6 2001 gjekk det to jordras ned på vegen ved km 9,4. Rasa gjekk etter eit bekkefar der det har gått ras tidlegare, seinast 14/9 1997. Langs bekkefare er det no opp til 6 m høge, nesten loddrette sider med sand og grus. NVE har plastra bekkeløpet i området der det siste raset starta. Dette er berre strakstiltak. Det er behov for utslaking av skråningane og plastring av botnen vidare nedover til riksvegen. NVE ved Hovland har foreslått å ta stein frå ei ur knapt 100 m sør for bekkefare, frå kote 150 og oppover. Det går skogsveg i nedkant av ura.

Vurdering av uttak av ur

I det aktuelle området ligg det grov blokk og stein i terrengoverflata. I vegskjeringa ser ein finkornig lausmasse. Dette tyder på at steinlaget er nokså tynt. Mesteparten av området er også overgrodd av mose og skog. Ned mot skogsvegen er det lagt opp stein som mur. Terrenget stig nokså bratt dei første metrane ut frå vegen, men ca. 15 m ovanfor vegen flatar det ut til helling 1:3.


Med tanke på stabilitet og erosjon skulle det ikkje vere noko i vegen for å plukke blokk og stein frå overflata. Ein del blokk er så stor at ein må sprette. Ein må enten unngå at terrenget blir omforma slik at vatnet tek nye vegar og eroderer i blottlagt lausmasse, eller bevisst utforme drensveg og plastre denne. Etter avslutta uttak bør ikkje skråningar i lausmasse ha brattare helling enn 1:2. Ein må også sørge for rask etablering av ny vegetasjon.

Uttak av stein i dette området representerer langt mindre fare for erosjon og ras enn vegskjeringane oppetter lia. Mange av desse manglar overflatestabilitet slik at masse sig ned i grøftene og demmer opp vatn.

VEDLEGG

- 1 Kart
- 2 Foto

Vedlegg
 Fax 71258328
 Statens Vegvesen
 1/ Duve Strømme
 fra Tore Hovland



Lausmasseras Innfjorden

Grensene på kartet er ikke rettsgyldige.

Dato: 26/06/01

Målestokk 1:2500





3/7-2001

Tlf. / E-post fra Hovland

Ca. kt. 150

Plukke stein i overflata. Bruke til flarkning av terskel
den siste året starta. Delit av krosspott i NVE.
Førerli - levestuadsdeling av silering vidare nedover
mot riksvegen (NVE, SVV, skogeløsten). Kjen tilvake
på det.

028

Tore Hovland
NVE Region vest
Furustien 3
6300 Andebu
tlf. 71221712 / 95290115
toh@nve.no